

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Vaksdal kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Heradshuset, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	12.04.2023
<b>Tid:</b>	14:00 -18:30

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Vegar Sellevold	Leiar	AP
Anne Christin Eide	Nestleiar	AP
Bjart Magnus Rosvold	Medlem	KRF
Anneli Vatle Lilletvedt	Medlem	H
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

Det vart gjennomført kurs i offentlege anskaffingar i regi av Deloitte AS. Kjersti Gjuvsland var kurshaldar.

**Andre som møtte**

Namn	Stilling
Åse Elin Myking	Kommunalsjef – Digitalisering, innovasjon og samfunn
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor Deloitte
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Vegar Sellevold  
utvalsleiar

Einar Kåre Ulla  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/23	Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 01.03.2023	2022/132	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 6/23	Kommunedirektør orienterer om rutinar for journalføring mv. i Vaksdal kommune	2022/137	
PS 7/23	Kommunedirektør orienterer om rutinar og praksis for offentleggjering av protokollar frå politiske møte i Vaksdal kommune	2022/133	
PS 8/23	Forvaltningsrevisjon av plan og byggesak - rapport	2022/135	
PS 9/23	Forvaltningsrevisjon av barnehagar - prosjektplan	2023/360	
PS 10/23	Gjennomgang av møteprotokollar 12.04.2023	2022/133	
PS 11/23	Eventuelt	2022/137	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 4/23	Påminning: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni	2022/15	

## **GK 3/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det framkom ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedtekne.

## **GK 4/23 Godkjenning av møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 01.03.2023**

#### **Forslag til vedtak**

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 01.03.2023 vert samrøystes godkjent.

### **Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

#### **Vedtak:**

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet i Vaksdal kommune 01.03.2023 vert samrøystes godkjent.

## **PS 6/23 Kommunedirektør orienterer om rutinar for journalføring mv. i Vaksdal kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

### **Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Komunedirektøren orienterte om rutinar for journalføring. Det vart stilt spørsmål om rutinane vert følgt heile tida, noko som ikkje vart gjort i den spesifikke saka som var eksemplifisert.

Forslag til vedtak som kom fram i saka:

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren følgje opp rutinane angående journalføring.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren følgje opp rutinane angående journalføring

## **PS 7/23 Kommunedirektør orienterer om rutinar og praksis for offentleggjering av protokollar frå politiske møte i Vaksdal kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektør til orientering

## **Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kommunedirektør orienterte om rutinane for offentliggjerding av protokollar frå politiske organ. Kontrollutvalet påpeikte fleire forseinkingar for offentliggjerding av protokollar i Vaksdal kommune.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren sjå til at protokollar frå politiske møte vert lagt ut på kommunen si heimeside utan ugrunna opphald.

Vedtak i saka var samrøystese.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren sjå til at protokollar frå politiske møte vert lagt ut på kommunen si heimeside utan ugrunna opphald

## **PS 8/23 Forvaltningsrevisjon av plan og byggesak - rapport**

### **Forslag til innstilling**

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming til etterretning
2. Kommunestyret ber kommunedirektør følgje opp rapporten ved å setje i verk følgjande tiltak:
  - A. Etablere skriftlege rutinar for kvalitetssikring og for handsaming av klagesaker.
  - B. Sikre at eventuelle vidare innkjøp av sakshandsamingstenester blir gjort i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar og at det blir etablert ein skriftleg avtale for alle slike innkjøp
  - C. Sikre at kommunen har oversikt over etterleving av frist i plan- og byggesaker, inkludert klagesaker.
3. Kommunestyret ber også kommunedirektør utarbeide ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.08.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Revisor presenterte rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av plan og byggesaksrutinar i Vaksdal kommune.

Kontrollutvalet vurderer tilbakemeldingane som revisor har fått frå kommunen i arbeidet med dette prosjektet som mangelfulle. Deloitte har behov for følgjande:

Rammeavtalen mellom Vaksdal kommune advokat som er nytta til dette formålet i tillegg til kostnaden.

Avtalen mellom Vaksdal kommune og Osterøy kommune ang. byggesaksbehandling.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet sender rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming tilbake til revisor for å få vurdert prosjektet på nytt etter at Deloitte har fått nødvendig informasjon frå kommunen.

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet sender rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming tilbake til revisor for å få vurdert prosjektet på nytt etter at Deloitte har fått nødvendig informasjon frå kommunen.

## **PS 9/23 Forvaltningsrevisjon av barnehagar - prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan og bestiller forvaltningsrevisjon av barnehagar av Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til vedlagde prosjektplan, som er datert mars 2023, og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal i forslag til revidert prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet seinast 31.12.2023 ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale innarbeidd

## **Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Deloitte orienterte om prosjektplanen.

Det kom fram forslag til nye problemstillinger i i samband med rutinar for tilsettinger og vikarbruk i tillegg til rutinar for å ivaretar tryggleik for barn i barnehagane.

Forslag til vedtak som kom fram i møtet:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte oppdatere prosjektplanen i tråd med innspel som kom fram i møtet
2. Utvalet ber om oppdatert prosjektplan innan 26.04.2023
3. Leiar i utvalet får i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne oppdatert prosjektplan.

Vedtak i saka var samrøystes

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte oppdatere prosjektplanen i tråd med innspel som kom fram i møtet.
2. Utvalet ber om oppdatert prosjektplan innan 26.04.2023.
3. Leiar i kontrollutvalet får, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne oppdatert prosjektplan.

## **PS 10/23 Gjennomgang av møteprotokollar 12.04.2023**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

## **Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

**PS 11/23 Eventuelt****Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

**Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Det kom under eventuelt fram at kontrollutvalet ynskjer å få informasjon om reglement om godtgjersle for folkevalde i neste møte.

Følgjande vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet ber kommunedirektør orientere om reglement vedr. godtgjersle for folkevalde i neste møte.



## **RS 4/23 Påminning: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni**

**Saksprotokoll 12.04.2023 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

### **Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering.